Telemark
FYLKESKOMMUNE

ASPLAN VIAK AS
Postboks 24
1301 SANDVIKA

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato:	16.08.2024
Deres dato:	07.06.2024
Vår referanse	24/16099-2
Deres referanse:	642967-01
Vår saksbehandler:	Kristine Gisholt

Innspel til varsel om oppstart av reguleringsplan for Ørvella industriområde sør - planID 402420240001 - Hjartdal kommune

Telemark fylkeskommune syner til oversending datert 07. juni 2024 med varsel om oppstart av reguleringsplan for Ørvella industriområde sør i Hjartdal kommune. Frist for innspel er sett til 16. august 2024.

Føremålet med og bakgrunnen for planarbeidet

Planområdet ligg på grensa til Notodden kommune, sør for rv. 134. Planområdet er på om lag 163 daa.
Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for ny industri/næring. Delar av planområdet er avsette til framtidig næring i kommuneplanens arealdel. Resterande område er avsett til LNFR.

Rollene og ansvaret til fylkeskommunen

Telemark fylkeskommune har fått varsel til detaljregulering i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-8.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgt opp i alt planarbeid. Me har ei rolle som regional utviklingsaktør, planstyresmakt og planfagleg rettleiar. Innspelet frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltarens tilgang til å fremja innvending. Denne samarbeidsavtalen blir vidareført inntil vidare mellom Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune.

Fylkeskommunen si vurdering

Telemark fylkeskommune vil i punkta nedanfor kommentere på dei delane av planforslaget som gjeld våre ansvarsområde:

Postadresse:
Telemark fylkeskommune
Postboks 2844
3702 Skien

Sentralbord:
35 91 70 00

Org. no.:
929 882 989

telemarkfylke.no
post@telemarkfylke.no

Regionale planar

Regional plan for samordna areal og transport i Telemark (ATP Telemark 2014)

Planforslaget er i tråd med retningslinjene for lokalisering av næringsareal i Regional plan for samordna areal og transport i Telemark (ATP Telemark).

I denne plansaka vil me vektleggja retningslinja i ATP Telemark om at det skal leggjast til rette for trafikksikre løysingar for gåande og syklande i all planlegging.

Jordvern

Omlag heile planområdet er registera som dyrkbar mark i følgje NIBIO sine kart. Matjord av god kvalitet er ein nasjonalt viktig ressurs som kommunen må vareta dersom vi skal nå dei nasjonale og regionale jordvernsmåla. Synfaring syner at store deler av matjorda er fjerna og lagt i deponi. Det er i kommuneplanen sin arealdel akseptert å endra formålet frå LNF. Sidan det blir lagt til rette for omdisponering av dyrkbar mark i planområdet, skal det utarbeidast ein matjordplan som sikrar at jorda vert brukt til matproduksjon. Denne skal følgja saka når den kjem til offentleg ettersyn, og sikrast i føresegna til reguleringsplanen.

Vannressursforvaltning

Me vil minna om *Regional plan for vassforvaltning for Vestfold og Telemark vassregion* for planperioden 2022-2027. Vassforvaltningsplanen beskriv påverkingar og tilstand i vassmiljøet, og dessutan miljømål og unntak frå miljømål for alle vassførekomstane til vassregionen. Vassforvaltningsplanen skal leggjast til grunn for regionale organs verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen, jf. Plan- og bygningsloven § 8-2 og vassforskrifta § 29. Det generelle målet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal vernast mot degradering, bli forbetra og gjenoppretta med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand.

Informasjon om miljøtilstand, påverkingar, tiltak og miljømål for vassførekomstar kan finnast inne på følgjande lenke: Vann-nett

Frå planprogrammet kjem det fram at vassmiljø er tema i konsekvensutgreiinga og at det er handbok M-1941 som skal brukast. Me forventar at det er metodikken i den oppdaterte versjonen av handbok M-1941 som blir brukt. Det blir opplyst at dagens situasjon i vassdraget vil dokumenterast. Me ser at fleire av dei ramma vassførekomstane har eit manglande kunnskapsgrunnlag registrert i Vann-Nett, eksempelvis er kjemisk tilstand ukjend i Heddøla (016-1871-R), Heddøla bekkefelt aust (016-2525-R) og Ørvella (016-1885-R). For Heddal (016-975-G) er det registrert fleire påverkingar og god kjemisk tilstand, likevel berre på bakgrunn av verdiane av nitrat i vatnet. Ørvella (016-1885-R) er registrert med svært god økologisk tilstand, men dette er basert på modellering, ikkje prøvetaking. På bakgrunn av manglande kunnskap om tilstanden vassførekomstane set me spørsmålsteikn ved om det vil vera mogleg å vurdera den moglege påverkinga til planen på vassmiljøet. Me forventar at nødvendig kunnskap om vassførekomstane blir innhenta gjennom det vidare planarbeidet.

Dersom det blir planlagt tiltak som kan medføra at miljømåla ikkje blir nådde eller at tilstanden i ein vassførekomst ringast, vil vassforskrifta § 12 komma til bruk. Det må i så fall greiast ut for om vilkåra i vassforskrifta § 12 er oppfylt.

I Regional vassforvaltningsplans vedlegg nr.7 ligg det generelle retningslinjer for arealplanlegging, denne lenkja kan brukast for å komma til vassforvaltningsplanen: Regional vassforvaltningsplan.

Dersom planforslaget ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til ramma vassførekomstar, kan dette gi grunnlag for å fremja saka til politisk behandling med innstilling om motsegn i Telemark fylkeskommune.

Klima og energi
Det bør leggjast til rette for satsing på solenergi på området. Dette bør skje både gjennom ei tilknyting til det planlagde solkraftverket på Ålamoen og gjennom å ta i bruk vegg og takareal innanfor næringsområdet til energiproduksjon.

Det er eit nasjonalt vedteke mål å kutta klimagassutsleppa jf. klimalovens §3 og 4. Det er forventa at krava til utsleppsreduksjon blir følgde opp i kommunale planar.
Fylkeskommunen ber om at planforslaget blir behandla for å sikra at det bidreg til å nå målsetjingane i klimaloven §§ 3 og 4. Det er ei klar statleg forventning om at ein strekkjar seg langt for å følgja opp dei måla som er sette gjennom berekraftsmål og dessutan i klima- og miljølovgivinga. Fylkeskommunen tilrår at kommunen følgjer rettleiaren - nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027. I pkt 45 blir oppmoda alle kommunar til å setja mål for å redusera nedbygginga og følgja opp desse gjennom arealplanlegginga.

Fylkeskommunen viser til prinsippa med å unngå, flytta, forbetra (NOU 2023: 25 Omstilling til lågutslepp 3.7 og 6.3). Skal ein få til reduksjonar av utslepp i tråd med forventningane til klimalova må ein i større grad unngå og avgrensa aktivitet. Dersom ny aktivitet er nødvendig bør ein sjå på moglegheiter for å kompensera for auka klimautslepp som følgje av nye planar, gjennom reduksjon andre stader slik at totalsummen for kommunen er innanfor klimamålet for 2030 og 2050.

Arealbruk tilpassa det grøne skiftet vil vera eit viktig element for å tiltrekkja seg næring. Gjennom god tilrettelegging vil kommunen gjera det enklare for aktørar å etablera grøne løysingar.

Vilt og fisk
Mange viltartar er arealkrevjande, og flyttar seg over lange avstandar gjennom året. Det er viktig at arealendringar og tiltak ikkje skjærer av trekkruter eller viktige beiteareal. Elgen er den arten med størst krav til ein korridor, og gjennom å sikre trekkvegar for denne arten vil ein samtidig ivareta interessene for ei lang rekkje andre viltartar. Det er viktig at lokalt viltkartverk eller fagpersonar med kjennskap til arealbruken til viltet lokalt blir tidleg involvert i planprosessen, for å sikra at eventuelle konfliktar blir avdekte og effekten av tiltaket kan vurderast.

Bruken til viltet av areal endrar seg ofte over tid. Ein må vera merksam på at eventuelle eldre viltkartleggingar ikkje nødvendigvis viser kva område som er viktige økologiske funksjonsområde for artane i dag. Det vil derfor ofte vera behov for å henta inn oppdatert kunnskap og informasjon.

Ved utbygging av område vil det vera sjansar for at me får viltlevande dyr nærare «våre» område. Det betyr at ein kan oppleva å ha dyr som tidvis lever og nyttar dei same areala som menneske nyttar. Ved å omdisponera grøntområde er dette noko ein må forventa, og det er ikkje automatikk i at ein kan avliva, fjerna, skremma eller etablera vandringshindere for å kvitta seg med, eller redusera tilgangen for slike dyr.

Me gjer merksam på at dersom det skal gjerast fysiske inngrep i vassdrag (bekker, elvar og vatn), og tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, må tiltaket vurderast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Forskrifta gjeld uavhengig av plan- og bygningslova, og planprosessen. Fylkeskommunen er styresmakt for strekningar utan laks, sjøaure og/eller kreps, og det må søkjast om løyve. Søknadsskjema finn ein på fylkeskommunen sine nettsider.

Kulturarv

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Arkeologisk registrering

Telemark fylkeskommune har ikkje kunnskap om tidlegare registrerte automatisk freda kulturminne i planområdet. Kunnskapen vår om kulturminne i nærområdet, og dessutan ei vurdering av landskap og terreng, tilseier likevel at slike kan vere bevart. I samsvar med kulturminnelova (kulml) § 9 må vi difor utføre ei arkeologisk registrering før vi kan gje endeleg fråsegn til planforslaget. Det er i første rekkje overflateregistrering og prøvestikk med spade etter ikkje synlege automatisk freda kulturminne som er aktuelt.

For sikre ein god planprosess, er det er det ein fordel at registrering av automatisk freda kulturminne vert gjennomført i god tid før planen blir sendt ut til offentleg ettersyn.

Frist for bestilling av registrering er 1. juli dersom dei skal gjennomførast same sesong. Arkeologisk registrering kan berre utførast på bar og frostfri mark. Den arkeologiske feltsesongen er normalt frå midten av april til november.

Kostnader til arkeologiske undersøkingar og bestilling av arkeologisk registrering

Vi viser til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta for offentlege og større private tiltak og til § 10 om at utgifter til særskild gransking må dekkast av tiltakshavar. Sjå vedlagde budsjett og vilkår for undersøkinga.

Registreringane er heimla i kulml § 9, og er ikkje å rekne som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Det betyr at kostnadsoverslaget ikkje kan påklagast, men planstyresmakt/tiltakshavar har høve til å be Riksantikvaren vurdere om overslaget er rimeleg.
Vi ber om at vedlagde skjema vert fylt ut, og at begge sider vert sende attende til oss for bestilling av den arkeologiske registreringa.

Meldeplikt
Vi gjer òg merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det vert oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjente på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje vert skadd. Telemark fylkeskommune er rette mottakar for ei eventuell melding.

Vi tilrår at meldeplikta vert innarbeidd i fellesføresegnene til reguleringsplanen, og at følgjande tekst vert brukt:
Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune verte kontakta og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet. Fylkeskommunen avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd).

Eventuelle spørsmål kan rettast til arkeolog Knut Fossdal Eskeland på telefon 409 16 387 eller knut.eskeland@telemarkfylke.no

Avslutningsvis
Telemark fylkeskommune har ut frå regionale og nasjonale interesser, ingen ytterlegare kommentarar til varselet om oppstart av planarbeid.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleder
Samfunn og plan

Kristine Gisholt

kristine.gisholt@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Vedlegg:
Bestillerskjema med vilkår for arkeologisk registrering
§-9-budsjett

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
STATENS VEGVESEN
HJARTDAL KOMMUNE